



Det var heile 24 konfirmantar i Uskedalen 1969. Presten var res.kap Olav Seim.

**I helga er alt klart for konfirmantjubiläum og presentasjon av dei nye konfirmantane i Uskedal Sogn. Konfirmantjubiläum vert gjennomført 2. kvart år der ein denne gongen inviterer og samlar kulla frå 1948 og 1949, 1958 og 1959 og 1968 og 1969. Dette utgjer 70-, 60- og 50 års jublantane. Eit av kulla samlast alt i kveld til uformelt samvære på Steneplassen.**

Jubilantstemna samlar rundt 30 deltakarar. Dei fyrste åra var det berre gudstenste på sundagen med middag og helsingar etterpå. I Audun Eik si leiartid i Soknerådet vart programmet utvida med frammøte dagen før, på laurdagen med bygdevandring og kafe i Gamleskulen.

Audun Eik fortel til Uskedalen.no om bakgunnen for denne endringa. Mange tidlegare utflytte konfirmantar reiser langt for å møte sitt kull. Ei samling berre på sundagen vert for stussleg. For å bli betre kjend med bygda og klassen sin, treng ein betre tid. Difor vart jubiläum utvida til ei to dagas samling.



Det har vore konfirmasjon i Uskedal kyrkje sidan 1915. Frå 1924 vart både konfirmantførebuinga og konfirmasjonen lagt til Uskedalen. Frammøte er laurdag kl. 15 ved Grano. Bygdevandringa går til fots og med veteranbuss. Veret er med og påverkar kva ein legg inn som stopp på turen. Kl. 17 er det samling og program på Kafe Tiaren i Gamleskulen.

Liturg på gudstenesta sundagen er sokneprest Reidar Ådnanes. Organist er kantor Eva Megyesi.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Frå hefte Uskedal kyrkje 90 år/ Einar Gjertsen